



Årsmelding 2016

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral

1. Innleiing.

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral eig og driv Gloppen Frivilligsentral lokalisert på Sandane i Gloppen kommune. Frivilligsentralen har vore i drift sidan oktober 1991 og i 2016 runda vi 25 år. Frivilligsentralen er godt forankra i lokalsamfunnet og vi samarbeider med privatpersonar, med det offentlege og med lag og organisasjonar for å stimulere til og samordne frivillig innsats. Gloppen Frivilligsentral driv i samsvar med vedtekne målsettingar, dei lover og reglar som gjeld for private stiftingar og dei retningslinjer som gjeld.

2. Tilsette.

Gloppen Frivilligsentral har 100% stilling for dagleg leiar.
Elfrid Rauset Håheim og Synnøve Grane Skaaden har vore tilsette i 50% stilling kvar.

3. Styret.

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral hadde årsmøte 18. mars 2016.

Styret dette året har vore:

Styreleiar:	Hildegunn Tviberg
Nestleiar:	Kristoffer N. Rygg
Styremedlemer:	Kari Jordanger Jarle Hervik Per Ståle Husevåg (kommunal representant)

Varamedlemer:	1. Else Tystad 2. Gunnvor Sunde
---------------	------------------------------------

Varamedl. for Per Ståle Husevåg:	Marit Straume
-------------------------------------	---------------

Valnemnd:	Johan Moldestad Kjell Helgheim Åse Moldestad
-----------	--

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral hadde i 2016 fire styremøte, og handsama 31 saker.

4. Økonomi.

Statstilskotet for 2016 var kr. 310.000,-.

Tilskot frå Gloppen kommune var kr. 254.000,-

Frå 2017 er statstilskotet overført til kommunane. Midlane er midlertidig øyremerka. Gloppen kommune har vedteke overføring til Gloppen Frivilligsentral og føresetnadane for drift i 2017 er sikra.

BDO A/S v/ Rune Akse er Stiftinga Gloppen Frivilligsentral sin revisor.

Rekneskap vert utført av ACCOUNTOR REKNESKAPSKONTORET GLOPPEN AS.

5. Aktivitet: Vi vil under skildre noko av aktiviteten ved Gloppen Frivilligsentral og gjennom det også vise samarbeidet vi har med ulike lag/organisasjonar og offentlege etatar.

- **Prosjekt Seniortreff:** saman med Gloppen kommune v/Helse og omsorg, Gloppen Eldreråd og Gloppen Pensjonistlag er Gloppen Frivilligsentral med i prosjekt Seniortreff. I prosjektet skal vi arbeide for å få til nye organiserte og faste møtepunkt for eldre som bidreg til å skape aktivitet og sosialt fellesskap. Målet er å engasjere og rekruttere eldre, «ny-pensjonistar» og andre til frivillig innsats for å skape eit fellesskap som er av interesse for eldre og seniorar. Prosjektet har vore viktig for å forankre arbeidet ved frivilligsentralen med det som øvrig skjer i kommunen. Som ein del av prosjektet inviterar Gloppen kommune og frivilligsentralen frivillige lag og organisasjonar som jobbar mot helse og omsorg, til informasjons- og samarbeidsmøter to gonger i året. Eit område frivilligsentralen har jobba med i dette prosjektet er transport til ulike aktivitetar. Det er gode tilbakemeldingar på prosjektet frå alle involverte partar.
- **Onsdagstreffet** er ein av møteplassane som er etablert i prosjekt Seniortreff. Dette er ein møtestad for eldre heimebuande der dei kan møtast vekentleg til sosialt samvær, allsong, trim og middag. Tilbodet er kome i stand etter initiativ frå Gloppen Helselag. Helselaget og bygdekvinnelaget har rekruttert frivillige og frivilligsentralen koordinerar og føl opp dei frivillige. Kommunen lønner ein tilsett i 20% stilling som er ansvarleg for organisering og gjennomføring av tilbodet og det er kvar gang med fire frivillige som hjelper med transport, gjennomføring og sosialt samvær.
- **Informasjon og samordning av det frivillige tilbodet i Gloppen.** Det er utarbeidd ei brosjyre som gir oversikt over mangfaldet av tilbod til seniorar i Gloppen. Her blir det oppmoda om å ta kontakt med frivilligsentralen eller servisetorget for å få vite meir om dei ulike aktivitetane. Frivilligsentralen ønskjer tett kontakt med dei ulike lag og organisasjonar, og ser dette som eit godt høve til å kome meir i dialog med organisasjonslivet.
- **Seniornett.**
Seniornett Gloppen har høg aktivitet og veksande medlemsmasse. Dei er ved årsskifte 58 medlemmar. I 2016 har det blitt gjennomført fleire datakurs med tilsaman over 30 deltakarar. Datakursa har blitt arrangert i samarbeid mellom seniornett og

frivilligsentralen. Det har vore gjennomført kurs på Sandane og Breim. Seniornett Gloppen er eigen organisasjon registrert i Brønnøysund og frivilligsentralen er kontaktadresse for dei som ønskjer informasjon eller vil melde seg på til kurs.

- **Verdsdagen for psykisk helse** blei planlagt og gjennomført av ein bredt samansett komité frå psyksisk helse, helsestasjon, folkehelsekoordinator, Firda vidaregåande skule, Nordfjord Folkemuseum og Gloppen Frivilligsentral. Arrangementet blei gjennomført i friluftsmuseet og i Trivselshallen ein fin haustdag med over 100 frammøtte. Innvandrarar var spesielt inviterte.
- **Utkøyring av middag** er den største aktiviteten når det gjeld tidsbruk. Arbeidet blir utført kvar dag heile året, og tre sjåførar køyrer ut mat til kvart sitt område. Frivilligsentralen set opp lister for kven som køyrer og skaffar vikar eller nye sjåførar. Sjåførane er stabile og det er lite utskifting, og når det har vore behov for nye er det enkelt å rekruttere. Vi er regelmessig i kontakt med det kommunale kjøkenet om dette.
- **Følgeteneste:** Personar som har behov for hjelp i form av støtte, ei hand å halde i eller nokon som finn fram, kan sjølve eller via pårørande eller hjelpeapparat, melde behov for følgje til sjukehus, fastlege eller tannlege.
- **Strikkekveldar**, i samarbeid med Gloppen Røde Kors omsorg, er eit tilbod til innvandrar- og bygdekvinner. Samlingane er på frivilligsentralen to gonger pr. mnd., med pause på sommaren. Vi har ved fleire høve delteke på andre arrangement i bygda som den internasjonale kvinnetdagen, utstilling på Nordfjord Folkemuseum, hagelagsmøte og bygdekvinne møte. Dette opplever vi svært positivt og vil gjere meir av framover.
- **Avishjørnet** i samarbeid med biblioteket og ein frivilig, har det vore ein møtestad på biblioteket basert på aviser og nyhende. Denne møtestaden blei starta opp i regi av prosjektet Seniortreff.
- **Besøk:** Nokre frivillige har gjennom Frivilligsentralen faste besøksavtarar med eldre eller einsame. Vi har også formidla reservebestemor til ein småbarnsfamilie.
- **Praktisk hjelp:** vi har formidla leksehjelp, eingongstenester som t.d. snømåking og lettare hagearbeid. Dette ordnar vi ved behov, men blir for tida ikkje mykje etterspurt. Ved spørsmål om meir omfattande hjelp viser vi vidare til NAV eller lokalt næringsliv.
- **Søndagskafè på Gloppen omsorgssenteret** haust/vinter/vår. Ulike lag og organisasjonar arrangerer kafèen, der dei syter for underhaldning og kaffi/mat. Frivilligsentralen samordnar, reserverer lokalet og hjelper med kunngjering.
- **Nattevandring på Sandane.** Nattevandring har eige styre, med representantar frå Gloppen kommune, Røde Kors, foreldre ved Gloppen ungdomsskule og Frivilligsentralen. Frivilligsentralen er leigd til å organisere Nattevandringa i Sandane sentrum.

- **Rusfritt 16. mai arrangement.**

I samarbeid med lag og organisasjonar og fritidsleiar i Gloppen kommune, arrangerer Frivilligsentralen rusfri 16. mai-natt. Samlingsstaden er i Kulturhuset Trivselshagen, med mat, kino og quiz. Arrangementet er for ungdom frå 9. klasse til 19 år. Dette tilbudet hadde rekordoppslutnad i 2016 med 170 besøkjande. Mange støttar dette arrangementet økonomisk.

- **Internasjonal matkveld under kulturnatt i Nordfjord.** På førespurnad frå Nordfjord Folkemuseum skaffe frivilligsentralen frivillige som laga internasjonal mat til eit kulturarrangement på museet. Mange frammøtte fekk smake god og spennande mat frå ulike nasjonar til god prat og spennande underhaldning.

- **Frivilligdagen 5. desember.**

Det er tradisjon at våre frivillige vert inviterte til kaffi, smørbrød og kaker på Frivilligsentralen på frivilligdagen. Vi var nær 30 stk. Gloppen kommunale kjøken bidreg med smørbrød som takk til dei frivillige.

- **HLF Gloppen** (Hørselshemmedes landsforbund) arrangerar kvar månad likemannstreff i frivilligsentralen sine lokaler. Her kan personar med nedsett hørsel få informasjon, hjelp med høyreapparat eller høyrehjelpemiddel eller kjøpe nye batteri til høyreapparata sine.

- **Språkpraksis:** gjennom Gloppen Opplæringscenter hadde vi avtale om ein elev som var utplassert nokre timar for veka i språkpraksis i juni og august.

- Planlegging av skulefritidsordning i regi av STIL fotball der frivilligsentralen er spurd om å koordinere dei frivillige dersom tilbudet vert etablert.

6. Deltaking på fagsamlingar

- Dagleg leiar Elfrid Rauset Håheim deltok på nettverkssamling for frivilligsentralane i Jølster og Nordfjord for utarbeiding av søknad til sparebankstiftinga.
- Dagleg leiar Synnøve Grane Skaaden deltok på nettverksamling for frivilligsentralane i Sogn og Fjordane i Førde 19. og 20. april
- Dagleg leiar Synnøve Grane Skaaden og Elfrid Rauset Håheim deltok på Regionskonferanse for frivilligsentralane på Vestlandet i Molde 21.og 22.september
- Dagleg leiar Synnøve Grane Skaaden og Elfrid Rauset Håheim deltok på nettverksamling for frivilligsentralane i Sogn og Fjordane på Nordfjordeid 24. og 25. november
- Styremedlemene Kristoffer N. Rygg, Jarle Hervik og dagleg leiar Synnøve Grane Skaaden deltok på styreseminar i Førde 25.oktober.

7. Prosjektsøknader

- Frivilligsentralane i Jølster og Nordfjord leverte felles søknad om midlar frå Sparebankstiftinga til integreringsarbeid ved dei aktuelle sentralane. Søknaden blei ikkje innvilga.

- Gloppen kommune, Gloppen Frivilligsentral, Gloppen Eldreråd og Gloppen Pensjonistlag fekk innvilga prosjektsøknad frå Helsedirektoratet til prosjekt Seniortreff
- Gloppen Frivilligsentral fekk innvilga ca kr 56 000,- til opprusting av eit nytt rom ved sentralen frå Gjensidigestiftinga.

10. Arbeidsmiljø.

Arbeidsmiljøet er godt. Det har ikkje vore registrert ulykke- eller skadetilfelle i 2016.

11. Ytre miljø.

Stiftinga foureinar ikkje det ytre miljø.

12. Årsresultat.

Det framlagde rekneskapet for 2016 viser eit overskot på kr. 601,-. Balanserekneskap pr. 31.12.16, syner eit rett bilete av den økonomiske situasjonen ved årsskiftet og for drifta 2016.

13. Sluttord.

Det er ei glede å vere ein del av det store frivillige engasjementet som er i Gloppen kommune. Det er dei frivillige og deira innsats som gjer frivilligsentralen levedyktig. Dei gjer ein stor innsats på mange område. Gloppen Frivilligsentral si oppgåve er heile tida å engasjere fleire og ta vare på dei som vil yte frivillig innsats - både enkeltpersonar og samarbeidande lag og organisasjonar. For frivilligsentralen er det viktig å halde på og utvikle det gode samarbeidet vi har med dei frivillige, med lag og organisasjonar og med Gloppen kommune. Gjennom dette vil vi jobbe for at eksisterande aktivitetar kan halde fram, og samtidig skape nye tilbod.

Vi vil rette ei stor takk til alle som har gjort frivillig innsats! Vi vil også takke våre samarbeidspartar og dei som har støtta oss praktisk eller økonomisk.

Sandane, 15. februar 2017

Hildegunn Tviberg
Styreleiar

Kari Jordanger
Styremedlem

Per Ståle Husevåg
Styremedlem

Kristoffer N. Rygg
Styremedlem

Jarle Hervik
Styremedlem

Elfrid Rauset Håheim
dagleg leiar

Synnøve Grane Skaaden
dagleg leiar